

<b>Periode:</b>	<b>Oktober – November (t.o.m. veke 48)</b>
<b>Utgangspunkt i rammeplanen:</b>	<p><b>Kap 1 Verdigrunnlag. Mangfald og gjensidig respekt.</b> Barnehagen skal fremje menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.</p> <p><b>Kap 3 Føremål og innhald. Omsorg.</b> Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte.</p> <p><b>Kap 3 Føremål og innhald. Danning.</b> Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.</p> <p><b>Kap 9 Fagområda. Kropp, rørsle, mat og helse.</b> Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.</p>
<b>Hovudmål:</b>	<b>Vi skal fremje positiv sjølvkjensle, forståing og respekt for andre, og arbeide for fellesskap for alle barna på avdelinga</b>
<b>Delmål:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for at kvart barn skal føle stoltheit over seg sjølv</li> <li>• Skape fellesskapskultur og eit «felles vi» på avdelinga, og begynne å bli betre kjende med barn frå andre avdelingar</li> <li>• Skape forståing for felles reglar på avdelinga, og motivere til å fylgje desse</li> <li>• Auke barnet sin kunnskap om sin eigen kropp, bli bevisst egne og andre sine grenser og lære betre å forstå egne og andre sine kjensler</li> </ul>
<b>Aktuelle aktivitetar:</b>  Avdelingane vel aktivitetar tilpassa barnegruppa. Alle avdelingar vel aktivitetar	<p><b>Sjølvkjensle, gjensidig respekt og mangfald</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlingar der barna får formidle noko om seg sjølv til dei andre i gruppa, t.d. om huset mitt, leikeplassen min, familie, kjeledyr, interesser, favorittfarge mm</li> <li>• Arbeide vidare med familiehusa; alle få fortelje om og vise fram sin eigen familie</li> <li>• Samtaler om kvar vi og familien er i frå, kvar vi har venner og familie t.d. mamma er frå Breim, pappa er frå Tyskland. Alle saman bur i Norge og i Førde. Sjå på kart, flagg og globus.</li> <li>• Gå på tur og sjå husa til barna, og/el andre stadar som er viktige for barna t.d. leikeplassen, arbeidsplassen til mor/far</li> </ul> <p><b>Fellesskapskultur og skape rammer for at alle skal ha det bra saman</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide med reglane på avdelinga. Skape forståing hos barna for at reglar er viktige å fylgje for at alle skal ha det bra. Reglar blir fulgt opp med positiv påminning, gode beskjedar, ros og oppmuntring av alle tilsette</li> </ul>

<p>frå kvart hovudområde. Meir informasjon kjem i avdelingane sine månadsplanar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesaktivitetar i grupper og for avdelinga saman med glede og humor, dele gode opplevingar ilag, samhald, samarbeid, skape noko saman</li> <li>• Bøker, samtaler og rollespel om samhald og vennskap. T.d. «Ludde og vennene hans», «Karsten og Petra», «Frosken og den framande»</li> <li>• Songar om vennskap og fellesskap, t.d. «Skal vi vere venner», «Kom og syng med meg», «Morgendagens søsken», «Barn av regnbuen»</li> <li>• BlimeE dansen – ein dans om fellesskap og samhald. Øve på å danse både avdelingsvis og saman, inne og ute. Eigen Blime dag. Felles dans for alle avdelingar saman på BlimeE-dagen</li> <li>• Skogen og dei eldste på Kulpen og Fjellet: Samlingar med fokus på sosial kompetanse, 1-2 gongar i veka (heile barnehageåret). Bruk av "Du og jeg og vi to" (Kari Lamer), «Venner» og/eller «Kanin og pinnsvin».</li> <li>• Skogen: Arbeide med temaet gjennom «Grip omgrepa»</li> <li>• Markere FN dagen 24. oktober med fokus på barn sine rettar</li> <li>• Aktivitetsdag ute for å møtest og ha det kjekt ilag på tvers av avdeling; t.d. danse BlimeE-dans og Bjørnis-dans, song- og rørsleleikar, ete lunsj saman med vaflar og kakao el.l. Fossen, og dei yngste på Fjellet og Kulpen: torsdag 9.11. Skogen og dei eldste på Kulpen og Fjellet: fredag 24.11.</li> </ul> <p><b>Kunnskap om kropp og grenser for eigen og andre sin kropp</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Snakke om kroppen vår, lære namn på kroppsdelar, lese bøker om kroppen t.d. «Lars er Lars» og «Alle har ei baksida»</li> <li>• Snakke om og lese om sansane, leikar og aktivitetar der vi brukar sansane våre</li> <li>• Songar om kroppen t.d.; «Tommelfinger», «Du har to øyne», «Hovud skulder kne og tå»</li> <li>• Formingsaktivitetar som t.d., handtrykk, fottrykk, teikne barna i heilfigur, fingermaling</li> <li>• Snakke og lese om kjensler, t.d. «Følelsesboka», følelsesbarometer, Plim og Plum</li> <li>• Snakke og lese om egne og andre sine grenser i høve kroppen vår. «Jeg er meg. Min meg!», «Hele meg. Om kropp og grenser i barnehagen.», «Salaby. Jeg vet.»</li> </ul>
--	---